

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/229

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
023/2021	Formannskapet	PS	14.09.2021

### Orienteringssaker

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
023/2021.1	Modalen-revisjon-høringsbrev
023/2021.2	Orientering - justering - kommunegrensa - Alver og Modalen alternativt Masfjorden

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

#### Formannskapet - 023/2021

#### FOR - behandling:

Ordførar orienterte om søknad om utgreiing av grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar. Kommunen skal gje ein uttale til Statsforvalteren innan 15. nov. Uttalen kjem til politisk handsaming i kommunestyret 4. nov. Formannskapet bed om at søknaden med kartutsnitt vert presentert og orientert om i kommunestyret 23. sept.

Ordførar orienterte om høyring om revisjon av konsesjonsvilkår i Steinslands- og Modalsvassdraget. Kommunn har bedt om utsatt høringsfrist til 15. nov for å kunne handsame saka i kommunestyret 4. nov. Mari Hagenlund på landbrukskontoret vert kommunen sin sakshandsamar i utforming av høyringuttalen. Det er aktuelt å nytte ekstern bistand frå til dømes LVK og hydrolog i tillegg.

Ordførar orienterte om årets TV aksjon, som er 24. okt. Mottakar er Plan International.

Formannskapet er innsamlingskomite. Ordførar organiserer innsamlings- og opptellingsarbeidet.

Ordfører orienterte om at staten ikkje ankar klagesaka om eigedomsskatt, som kommunane vann i Tingretten.

Ordfører orienterte om at Industriutvikling Vest(IUV) har fått oppdraget med gjennomgang av Modalen Næringsbygg. Kommunen har hatt oppstartsmøter med IUV for å konkretisere oppdraget i to delar: 1-teknisk/økonomisk gjennomgang og 2-potensiale for forretningsutvikling. Rapporten er venta ferdig rundt nyttår, og vil bli presentert for kommunestyret på første møte i 2022.

Rådmann og teknisk sjef orienterte kort om status for nybygget. Plan om innflytting rundt midten av desember. Formannskapet bed om at det vert utlyst namnekonkurrans, med ein god premie, for å namngje bygget. Mål om at namnekonkurransen skal avgjerast i kommunestyret 10. des.

Formannskapet bed og om at ein kjem tilbake med sak/framlegg til utsmykking i bygget, i tråd med føringar for nye offentlege bygg. Formannskapet bør vere styringsgruppe for dette arbeidet.

Formannskapet bed om at administrasjonen på neste formannskapsmøte orienterer om søknadar og tildelingar av kulturmidler og kulturminnevernmidler sålangt i 2021. Dette inkluderer orientering om krierier for tildeling og budsjett for desse to områda.

Samrøystes vedteke

### **FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

### **Vedlegg:**

Modalen-revisjon-høringsbrev

Informasjonsark om sakshandsaminga.PDF

Orientering - justering - kommunegrensa - Alver og Modalen alternativt Masfjorden